

Godt vern-prisen på Sunnmøre

vart oppretta i 1984 som eit samarbeid mellom Fortidsminneforeininga avdeling Sunnmøre og landsdelsavisa Sunnmørsposten. Prisen vart delt ut første gong i 1985. Prisen skal delast ut kvart år til ein privat eigar/forvaltar av bygnadsarven på Sunnmøre. Ein eigar som på ein god måte har teke vare på arkitektoniske og antikvariske verdiar i eigedomen sin. Ein legg først og fremst vekt på kvaliteten i eksteriøret.

Alle kan kome med framlegg til kandidatar. Skjema får ein ved å kontakte Fortidsminneforeininga, avd. Sunnmøre. sunnmore.avdeling@gmail.com . Prisen er på 5000 kroner, ein plakett til å ha på huset, ein diplom og ei teikning av vinnarhuset.

Fram til 1994 var det praksis å gje prisen for året før. T.d. vart prisen for 1984 utdelt i 1985. For ikkje å lage forvirring har vi i denne oversikta skrive året som prisen faktisk vart delt ut.

Prisvinnarar fram til i dag:



*1985 Lysholen, Vaksvik i Ørskog
Foto: J. Viset. Sunnmørsposten
Eigar i vinnaråret var O.B. Hatlen*

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Huset er eit såkalla "Glomset-hus" med tradisjon på Sunnmøre. Først vart huset lafta på Glomset av virke derifrå og sidan flytta til Vaksvik. Det vart bygd i 1887. Det har trekk av både "bygde-empire" og sveitserstil. Både materialar og handverksutforming var så gode at dei har overlevd uendra i hundre år. Elles legg juryen vekt på at eigarane har gjort godt vedlikehald og at dei også visste god vilje til å følgje antikvariske retningslinjer i restaureringsarbeidet.



*1986 "Solheim". Stranda
Foto: A. Farstad
Eigar i vinnaråret: Kåre J. Langlo*

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Arkitekturhistorisk er huset, hagen og anlegget med løe svært interessant. Villaen har kvalitetar i eksteriør og interiør som viser internasjonalisme med trekk av sveitser- og jugendstil og nyromantikk som stilimpulsar i ei sunnmørsbygd. Den vakre og velhaldne hagen med epokemessig tilknytning til huset og den handverksmessig solide løa er med på å gjere eigedomen Solheim heilt unik på Sunnmøre og enno vidare i kulturhistorisk og arkitekturhistorisk samanheng.



1987 Svaneapoteket. Ålesund

Foto: A. Farstad

Representant for eigarane i vinnaråret: Marino Molvær

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Banksjef Marino Molvær fekk prisen for initiativet sitt til at Ålesund Sparebank kjøpte bygget etter at den siste apotekaren i det tradisjonsrike apotekardynastiet Øvre, døydde. Den pietetsfulle restaureringa tok avgjerande omsyn til både innvendige og utvendige stilhistoriske detaljar og kan stå som føredøme for andre gjenreisingsbygg i Ålesund sentrum, sa juryen. Dette sentrale huset var eit av dei mest påkosta og sentrale bygga i oppattbygginga i Ålesund etter bybrannen i 1904. Huset var sterkt nedslite då banken kjøpte, og restaureringsarbeidet tok to år. Ein la mykje omtanke og planlegging ned i arbeidet og brukte originalmateriale og fagfolk på alle felt i prosessen. Huset er teikna av Hagbarth Schytte-Berg.



1988 Andersenhuset, Halkjelsgata, Volda.

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Knut Oddvar, Arild og Jens Andersen og Anne Marie Hopland.

Diverre manglar grunngevinga for utdelinga i arkivet.

Huset er bygd på 1870-talet og er ein del av trehusa i Halkjelsgata – eller ”Gatå”, som den vert kalla i Volda. Det var bakar Kornelius Andersen Ekornås frå Ålesund som bygde huset og i butikklokala har det halde til mange ulike butikkar.



1989 Viketunet. Bergsøya. Herøy

Foto: A. Farstad

Rrepresentant for eigarane i vinnaråret: Per Odd Paulsen

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Husa på Vike dannar eit klyngetun av fem hus, stove, stabbur, fjøs, grisehus/do. Løa er i stavkonstruksjon, medan dei andre er lafta. Viketunet er bygd opp etter den tradisjonelle sunnmørske tunskipnaden der innhus og uthus hadde ulike funksjonar. Tunskipnaden er såleis ein leivning av ein tradisjon som gjekk ut tidleg på 1800-talet. Eigarane har lagt vekt på at både detaljar, heilskap og miljø skal vere så intakt som mogleg. Det gjeld også den gamle innmarka med slåtteteigar/beite i eit berglent kystlandskap som i dag er eit minne om gamle driftsmåtar. Også interiøret i huset har eigarane teke vare på. Dei har også vore på-passelege med å gjere utbetningsarbeid i tråd med gode antikvariske prinsipp.



1990 Volsdalstunet. Ålesund

Foto: A. Farstad

Eigar i vinnaråret: Anne Voldsdal

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Tunet er ein visuell oase i ein bydel som elles er prega av ulike typar av bygningsmessig ekspansjon. Stort sett er tunet uendra sidan midten av 1850-talet. Her er våningshus, kårstove, eldhus og stabbur. Det vart drive gardsbruk til slutten på 1960-talet. Løe og fjøs er no borte. Den gamle hagen rundt husa er teken godt vare på og har i seg sjølv kulturhistorisk verdi. Stovehuset vart sett opp på plassen i 1813, men er eldre enn det, truleg vart huset flytta hit frå ei anna sunnmørsbygd. Her er det tale om kontinuerleg vedlikehald over lang tid og fleire generasjonar, heile tida med godt skjøn og pietet for detaljar og tunet som miljøfaktor.



1991 Hotel Union, Øye. Ørsta

Foto: R. Engvik Sunnmørsposten

Eigarar i vinnaråret: Per-Ola Ratvik, Idar Nordang, Ivar Lødemel og Johan Øye.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Hotellet er bygd i 1891 og er eit interessant døme på sveitserstil-hotell. Bygninga vart levert som "ferdighus" av firmaet M. Thams & Co i Trondheim, og er det einaste bevarte type-hotellet ein kjenner til i landet. I sine planar har eigarane sett verdien som denne bygninga har som kulturminne og oppfatta den ressursen ein slik kulturhistorisk verdi også har for reiselivet. Bygninga er restaurert på ein pietetsfull måte der dei antikvariske verdiane er respekterte. Ein vil særleg framheve arbeidet med å rekonstruere løvsag-ornament som delvis var fjerna.



1992 Jacobsengården, Fagerlida.

Ørsta

Foto: A. Farstad

Eigar i vinnaråret:

Møre folkehøgskule.

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Juryen har lagt stor vekt på både huset og lokalhistoria til huset. Det var her industripioneren O.A. Jacobsen budde. Han starta mellom anna garveri, den første industriverksemda i bygda. Den første telegrafen i Ørsta låg i hagen her. Huset vart sett opp i 1889, men hadde opphavelig stått ein annan stad. Huset har saltak som er tekt med teglpanner. Ytterveggane er utvendig kledde med su-panel. Ved novene er det kraftige novkasser, og vindauga er av den 16-delte 1700-talstypen. Tre av fasadane har utvendig omraming av vindauga i sveitserstil medan ein på nordfasaden har enklare omraming i empire. Folkehøgskulen har gjort eit framifrå restaureringsarbeid etter at dei kjøpte huset og gjorde det til rektorbustad.



1993 Gamlestova, Storvika.

Ørskog

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Hanna-Marie og Rolv Amdam

Grunngeving for prisen var mellom anna:

”Gamlehuset” er ei tidleg døme på ei fullt utvikla sunnmørsk loftsstove med midtkammer. Huset er truleg frå slutten av 1700-talet. Fremste delen har vore flytta frå ein annan stad. ”Det var anten å rive eller restaurere, eg tok restauringa på meg som ei pensjonistoppgåve”, sa eigaren Rolv Amdam. Med god hjelp frå familien og ein lokal snikkar, Karsten Abelseth, brukte dei minst 300 arbeidstimar i tillegg til eigne pengar på å setje det i stand. Ein har brukt trenaglar og det gamle glaset er teke vare på.



1994 Tennø-buda, Brattvåg.

Haram

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaráret: Kari og Lars
Martin Tennø.

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Huset og butikkinteriør og andre detaljar i huset er teikna av arkitekt Jens P. Flor i 1930.

”Tennø-buda” sin hovudfasade er tilsynelatande prega av klassisismens huskropp med symmetrisk artikulering av vindauge og dører og det bratte svungne valmtaket. Den ornamentale glasinndelinga i vindauge, dører og i interiøret er heilt spesiell og kan minne om ei blanding av sein-jugend og 1920-åras moteretning art deco. Huset representerer såleis eit samansett stilbilde, der mange element av arkitektens særpreg, kjenneteikn og utvikling er smelta saman til eit originalt og sjarmerande bygg, som i meir enn 60 år, uendra, har prega Brattvåg sentrum. Eigarane har heile tida vist skjøn og sans i vedlikehaldet.



1995 Arnegarden, Tafjord.

Norddal

Foto K. Tandstad Sunnmørsposten

Eigar i vinnaráret: Ivar P. Tafjord

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Våningshuset vart bygd i 1897. Huset er ei midtkammarbygning i halvannan etasje og oppført på dobbel tørmur med utvendige fuger. Det har enkeltfasa vestlandspanel, hovudtrapp med sideløp og midtark med to vindauge i hovudfasaden. Det framtrekte taket, saman med fleire snikkardetaljar, gjev huset eit preg av tidleg sveitserstil, men med tydeleg tradisjonstilknytning til eldre hustypar på 1800-talet. Tafjordgarden låg så høgt at han ikkje vart ramma av Tafjordulukka og ein del av det gamle tunet har overlevd. Arnestova er eit hus med mange fine detaljar, strategisk plassert i eit heilt unikt miljø.



*1996 Berlihuset, Klokkargarden.
Sykkylven
Foto: A. Farstad
Eigar i vinnaråret: Svein
Asbjørnsen.*

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Huset på Klokkarhaugen vart bygd av grosserar Børre Berli i Ålesund, som landsted, truleg i 1896, og representerer ein tradisjon med lystgardar for velstående byborgarar, truleg eitt av dei få døma på slike anlegg her på Sunnmøre. Rundt dei større byane, med eit større patriariat" hadde ein fleire døme på slike lystgardar med full gardsdrift. Villaen på Klokkarhaugen er eit særst godt døme på den rike panelarkitekturen frå andre halvdel av 1800-talet. Berli-huset er særprega gjennom si representative fasadeløysing med loggia som flankerer eit høgt og sentralt frambygg. Ein stor del av det opphavelige særpreget er også bevart i interiøret. Den handverksmessige kvaliteten på restaureringa er utført på ein framifrå måte.



*1997 Storgata 23. Ålesund
Foto: J. Westermann
Eigar i vinnaråret: Grete Britt
Skaar.*

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Huset er teikna av arkitekt Jens Z. M. Kielland og Anton Kielland og er eit av oppattbyggingshusa etter bybrannen i 1904. I motsetnad til altfor mange tilsvarande bygningar i Ålesund sentrum har Storgata 23 den opphavelige fasadeartikuleringa med murprofilar og gesimsar intakt. Huset er også eit godt døme på at det let seg gjere å take vare på autentiske trevindu med originalt sprosseverk og profilar. Bortsett frå tårnet som vart rive på 1940-talet og utvidingar inn i bakgården, er huset svært intakt slik det var. Dei detaljane som er gått tapte er reversible. Korleis eigarfamilien har teke vare på dette huset har også stor prinsipiell interesse for svært mange av dei andre oppattbyggingshusa etter bybrannen.



1998 Jentekolonien. Skodje

Foto: A. Farstad

Eigar i vinnaråret: Skodje Lions Club v/ Øystein Strømsvik.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Bygget kom opphavelg til Ålesund som naudhjelp frå Tyskland etter bybrannen i 1904. I 1908 vart det overteke av Ålesund feriekoloniar og flytta til Skodje. Etter at drifta vart avslutta rundt 1950-60 tok kommunen over eigedommen. Området vart omregulert og bygget har fleire gonger vore vedteke rive. Prisen er også gjeve for det iherdige arbeidet som mellom anna Ingebrigt Berg og Øystein Strømsvik har drive for å få huset og området verna. Utbetningsarbeidet er fagleg godt utført.



1999 Borgundveien

17, "Liaaenhuset". Ålesund

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Linda Jensen og Frode Monsen.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Huset er bygd i 1906, og både huset og hageanlegget er ein typisk representant for denne perioden. Utvendig er både materialar og detaljar teke godt vare på, og ved restaureringsarbeidet er så lite som mogleg skifta ut. Mellom anna er ytterpanel og listverk i hovudsak frå huset vart bygd, og opphavelge vindauge er teke vare på med beslag og glas. Dører, vindauge, utskjeringar og detaljer som vart fjerna ved utbetning på 1950/60-talet er erstatta med stilrette kopiar. Eigarane har vist innsikt og entusiasme som vil vere til inspirasjon for andre og vonleg stimulere til tilsvarande innsats.



2000 Handelsstaden Flåvær.
Herøy

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Eigarfamilie
v/ Kåre Torvholm.

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Øya Flåvær var jektehamn så tidleg som på 1300-talet og ei god hamn for dei som venta på godt vêr før dei runda Stad. Flåvær miljøet omfattar fleire bygningar og anlegg, mellom anna hovudbygning/bustadhus, sjøbu, landhandel, skulehus, kai og ikkje minst ei god hamn.

Flåvær gjev eit tydeleg bilete av korleis ein slik handelsstad langt ute på kysten fungerte i tidlegare tider og bygningane vert haldne vedlike utan unødvendig modernisering. Eigarane har vist stor vilje til å ta ansvar for staden og for drift og vedlikehald er det oppretta ei eiga stifting med eige fond. Med pristildelinga ynskjer ein også å rette fokus mot andre liknande handelsstadar på kysten og korleis dei vert tekne vare på.



2001 Iverstova, Bondalen. Ørsta

Foto: K. A. Aarset.

Sunnmørsposten

Eigar i vinneråret: Bjarne
Rekkedal.

Grunngeving for prisen var mellom anna:

Ivarstova er eit bustadhus bygd i 1870. I samband med ei utskifting i 1948 vart huset flytta om lag 50 m og fekk ny grunnmur og inngangstrapp. I tunet ligg det også eit anna eldre hus som er under oppussing. Frå før er Ivarstova lite endra, men i seinare år har her vore gjort omfattande restaureringsarbeid. M.a. er her lagt nytt torvtak og gjort godt utvendig vedlikehald. Inngangstrappa skal gjenskapast og innvendig interiør og måling er tilbakeført slik det var tidlegare. Med unntak av utskifting av vindskier og ein ny veranda på baksida er både antikvariske prinsipp og opphaveleg arkitektur i stor grad er teke vare på. Huset er no ein god representant for dei verdiane Godt-vern prisen fokuserer på.



2002 T. H. Ytterdal. Butikk i Eidsdal. Norddal
Foto: K. Tandstad.
Sunnmørsposten
Eigarar i vinneråret: Tore og Mary Ytterdal.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Butikken er i dag slik den har vore i alle år. Utvendig er lite endra bortsett frå dei gamle butikkvindauga som vart sette inn på 1950-talet. Elles er alle vindauge, bordkledning, detaljar som skilt og handtak, opphavelege. Inne er også innreiinga komplett med store golvbord, gamle golvflis, opphavelege dører og oppvarming med omn av støypejern. Ein handlar daglegvarer over disk. I 1998 stod eigarane framfor eit val. Vegvesenet ville ha meir oversiktlege tilhøve ved ferjekaia og butikken måtte anten rivast eller flyttast. Eigaren bestemte seg for flytting. Ny kjellermur vart oppsett og huset vart løfta med kran frå dei gamle til dei nye murane. Det gjekk fint sjølv om ikkje noko i huset vart pakka ned! Innsatsen eigarane her har vist, syner at ein sjølv mot alle odds kan take vare på kulturminne og landemerke.



2003 Stordalsholmen. Stordal
Foto: A. Farstad
Eigarar i vinnaråret: Bodil og Ivar Holmen.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Anlegget på Stordalsholmen er særprega både som gardsbruk, gamal handelsstad og som møtestad for bygdene i Storfjorden. Her er våningshus, eldhus, ishus, løe og naust. Husa som står i dag vart sette opp av Gunder Myhre frå Hardanger i 1837. Han brukte truleg eit eldre trehus i to etasjar som stod der frå før då han bygde på hovudhuset. Myhre dreiv som handelsmann med jektetfart til både Trondheim og Bergen. Det har vore fast busetnad på staden i alle høve frå 1600-talet og fram til 1970. Søskena Bodil og Ivar Holmen har halde det ved like på ein framifrå måte.



2004 Prestegarden i Stokksund.

Herøy

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Liv og Arne Ørstavik.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Prestegarden i Stokksund har ei lang og innhaldsrik historie. Hovudhuset vart sett opp 1823, men påbygd og i 1882 stod det fram slik det gjer i dag. I 1972 vart det bygd ny prestebustad og den gamle var eit trist syn. Kyrkjearkitekten i departementet skreiv at "Huset går sakte men sikkert sin undergang i møte". Korkje kommunen eller historielaget kunne ta på seg restaurering og vedlikehald. Resultatet vart at presten og kona hans sjølve kjøpte det. Medan dei budde i den nye prestebustaden arbeidde dei på det gamle huset og løa i all si fritid. Eterniten på taket vart erstatta av panner og vindauga fekk den opphavelige utsjånaden att mellom mykje anna. Alt arbeidet er gjort med stor respekt for huset og tunet.



2005 Fagerheim. Skodje

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Skodje Frilynde Ungdomslag.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Mange ungdomshus på bygdene forsvinn og forfell. Slik kunne det også gått med Fagerheim. Huset var i sterkt forfall og det var tale om å omregulere området og rive huset. Men ungdomslaget vart vekt til live og huset er sett i stand med mykje dugnadsinnsats frå laget sine medlemmar. Huset er bygd i 1927 og teikna av Øyvinn Grimnes. I huset har det, i tillegg til forsamlingshus for ungdomslaget, vore offentleg bad og kino. Ungdomslaget har møtt mange klassiske problem når det gjeld å pusse opp eit hus som har vore ombygd mange

gonger. Dei har møtt dette med medveten og gjennomtenkt haldning og prøver å halde på originale detaljar og synleggjere huset si historie.



2006 Kongens gate 10b og 12. Ålesund

Foto J. Westermann

Eigarar i vinnaråret: Ålesund Eiendom AS.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Begge er oppattbyggingshus etter bybrannen i 1904. Dei er teikna av Carl Norum og Jens Z. M. Kielland. Eigarane fekk ros for at dei hadde vist god innsikt, brukt høg antikvarisk og arkitektonisk kompetanse og fagfolk som kan faget sitt. Ein ville også rette merksemd mot jugendstilbyen Ålesund og at det er av nasjonalt verde å take vare på dei verdiane som den representerer og gjere det på ein god og antikvarisk forsvarleg måte.



2007 Gamleselet på Øvstestølen.

Norddal

Foto A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Arne og Inger Sandnes.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Dette selet er vurdert og omtalt i bokverket "Norske tømmerhus frå mellomalderen". Her har vore eit tilbygg som vart fjerna i 1936 for å gje plass til riksvegen over Trollstigen. Selet er om lag 500 år gammalt og er tømra av grove stokkar. I 2005 – 06 vart det gjort eit omfattande restaureringsarbeid. Selet vart demontert og reparert på Bjørstad og transportert attende til Øvstestølen der det vart sett opp på restaurert gråsteinsmur. Arbeidet er profesjonelt utført og etter antikvariske retningslinjer.



2008 Skageflå. Stranda

Foto: J. Westermann

Eigarar i vinnaråret: Partslaget Skageflå.

Grunngjeving for prisen var mellom anna:

Skageflå står i dag fram i heilskap som eit klassisk fjordmotiv i verdsarvområdet, og eit historisk korrekt og typisk døme på busetnad og levkår på dei smale hyllene langs Geirangerfjorden i tidlegare tider. Restaureringa har ført anlegget tilbake til det opphavelige, og har dermed teke vare på verdfull tradisjon i materialbruk og byggjeteknikk – inkludert grue og skorstein – som elles kunne bli gløymt. Restaureringa her viser korleis slikt arbeid bør utførast. Juryen vil også gje heider til Storfjordens venner som over lang tid har vore pådrivarar for å verne desse miljøa langs fjorden. Spesielt vil ein nemne Atle Ringseth som i mange år har vore ein framifrå prosjektleiar.



2009 Jøsvolltunet. Stordal

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret:

Framigarden: Asbjørg og Jon Holt
Ystegarden: Else-Turid og Per Ivar Moe.

Jøsvolltunet var opphavleg eit klyngetun. Det dokumenterer både organisering av gardstun og gardsdrift frå før dei store jordskifta frå 1840 og framover. Jøsvolltunet er eit kjent tun i sunnmørsk arkitekturhistorie og var freda, men i til dels dårleg forfatning då dei noverande eigarane tok fatt på arbeidet med restaurering på byrjinga av 1990-talet. Innsatsen har vore svært omfattande, mellom anna vart både våningshuset og nystova ved Framigarden demontert og gjenreist. Juryen gav ekstra honnør til den lokale snikkaren Per Kjell Holtleite for framifrå arbeid. Tunet har mange bygningar med våningshus, masstove, løe, stampe, stabbur og uthus på begge tuna. I Fortidsminneforeninga si årbok i 1929 står det at Ystegarden vart bygd i 1763, men at det finst tømmer frå ei eldre bygning.



2010 2010 Notanaustet på Bjørke.
Ørsta

Foto: A. Farstad

Eigarar i vinnaråret: Bjørke
Notalag.

Vinnar av prisen: Hjørundfjord
kulturvernlag.

Grunngeving for prisen var mellom anna: Dette er det einaste notanaustet som er att i Hjørundfjorden. Det hadde vore ute av bruk i femti år då orkanen i 1991 lyfte heile naustet ca. 1,5 meter. I 1995 kom framlegg om å rive, men det nystarta kulturvernlaget hindra det. Laget fekk fullmakt frå eigarane om å stå for restaurering og drift. Dei har gjort ein framifrå innsats, mellom anna vart naustet flytta på plass utan demontering! Naustet er eit grindbygg der dei eldste delane truleg er frå tidleg 1800-tal. Alle grindene og banda er intakte. På utsida er naustet delvis kledd med båtbord. Restaureringsarbeidet er utført etter gamal lokal tradisjon og i god dialog med fagkyndige for antikvarisk vern. I tillegg er notanaustet blitt ein brukarvenleg møte- og samlingsstad for lokalsamfunnet.